

Stor triodebut



Etter mange år i jazzens teneste debuterer pianist Eivind Austad med eit trioalbum av klasse.



av Roald Helgheim

JAZZ

Med ein nydeleg solointro opnar han i beste Keith Jarrett-stil, før bassist Magne Thormodsæter og trommeslagar Håkon Mjåset Johansen sluttar seg til, på opningssporet «Two Of Mine». Snøggare enn ein ballade, i ein roleg up tempostil, opnar albumet «Moving» (Ozella/Musikklosen) på ein verkeleg lovnadsrik måte. I same stil følgjer han opp med «Median», og du kjenner suget. Frå eit band der muskarane einskildvis har rundt tjue års fartstid i jazz, og som lanserte seg med stil på årets Vossajazz. På to låtar har Austad skrive musikken sjølv, til ein trio der han med base i Bergen er etablert som ein etterspurd muskar. Så også veteranen Magne Thormodsæter som underviser ved Grieg-akademiet. Med ikonet Mjåset Johansen på trommer er det ein komplett trio, der ensemblespelet flyt lett heile vegen.

Så også på «Moving», som halvvegs på albumet held oss i age for det som skal kome. Coverlåtane til slutt er Cole Porters «The Moment of Truth» og David Bowie-klassikaren «Life On Mars». Den vakraste balladen på ein strålende debut.